

# KVINNERSSTEMNA

VED MANNSVATN 3. JULI 1921

av

Lars Feet.

Då ungdomslaget hadde storstemne ved Mannsvatn

Det var vinteren 1921 at styret i ungdomslaget tok opp tanken om vi kunne få til ei stemne oppe ved Felly og ein bad lagt i Kvinnherad om å vera med på dette.

Ungdomslaget valde då ei nemnd som skulle føreby dette saman med formann, som den gong var Lars Haugland. Han reiste i militæret straks etter så arbeidet gjekk trekt i byrjinga. Eg var sjølv nestleiar i laget og kalla då ~~xxxx~~ saman nemndi og vi samrådde om korleis vi skulle leggja dette opp.

Vi skreiv eit skriv til alle lagt i Kvinnherad og ville høyra om dei var interessert i ein slik tur til Fjelly.

Dagen vart sett til 3. juli og spørsmålet var om vi kunne få nokon til å underhalda på ~~xxxx~~ stemna. Dette ville vi ha svar på. Og svaret let ikkje venta lenge på seg.

Frå Husnes Ungdomslag kom svar. Formann der var Knut Grønstøl og dei var svært oppglødde for tanken. Grønstøl hadde alt snakka med presten Stømme og Ragnvald Vaage og dei lova vera med på stemna. No var ~~saka~~ klar. Vi sende skriv til lagt mēd program og stemna var fastsett til 3 juli med tale av presten Strømme og Ragnvald Vaage. Mat måtte kvar ta med. Kaffi skulle dei få.

Veka føre bygde det seg opp med det beste sumarveret ein kunne ynskja og no vona vi berre på at det måtte halda til sundag. Vi i nemnda var saman og tala om kva vi måtte ha med til stemna. Det var kaffi og fløyte på boks, men ~~xx~~ kva skulle vi koka kaffien i. Det var eit problem. Kanskje vi kuenne få låna ein kjel på 12-15 liter jamel om det og var før lite. Dessutan var det vel få som ville låna ut til ei slik ferd. Eg sa at vi hadde ein slik kåparkjel på 50 liter og slik vart det. Vi skulle møtast laurdag ettermiddag og dra til fjells.

Laurdag kom med same gode veret, men det var ingen fridag den dag som no. Vi gjekk i arbeid til kl. 1, so var det heim for å få seg mat og ordna seg til fjellfæra. Eg tikk sekken på ryggen og kjelen over aksla og rusla i veg.

Eg tok veggen gjennom Kjællands holmen og over strengbrua til Torgeir P. for han skulle vera med. Torgeir var ein god mann å ha med i slike høve. Vi gjekk vidare til Haugland der Andreas sluttet seg til. Likeins var Peder Musland og Andreas Musland med. Slik var vi ~~sp~~ spreke karar som la i veg.

2.

Det vart nok ikkje nokon rekord marsj opp lii den dagen. Varmen var trykkande og det vi hadde å bera tyngde så vi laut taka det med ro. Då vi kom opp på fjellet byrja vi å tala om kor vi skulle laga til stemnepllass. Det var nemnt Vatnastøl, men det var for langt frå Fjelly, så vi fekk sjå å finna ein stad i nærleiken av den. Då var det Torgeir P. som sa at ovan om Fjelly ved Barmarusti var det einstad han meinte skulde tena som stemnepllass.

Då vi kom til Fjelly og hadde kvilt, fått oss mat var det å sjå på plassen og vi kom til at den var særskilt høvleg.

Mot sør vest var det ein liten bergskalle som var overkledd med lyng godt ein meter høg. Den var laglag til talarstol og dessutan var det ei fin helling kringom plassen.

Vi byrja laga til talarstol av fjellbjørk. Desse vart støyrd ned i bakken ved fjellnakken og millom dei vart det laga nokre bjørker som batt det heile saman. Slik stod han heilt i samsvar med naturi omkring, so finare talarstol og stemneplass hadde korkje Strømme eller Vaage hatt før.

Sundag 3 juli kom med same godveret. Natti før var ikkje så roleg. Vi fekk vitjing seint om kvelden og dei var heilt anna enn rolege. Etter vi hadde fått frukost i oss, laut alle ut av hytta. Hytta skulle vaskast beste vi kunne for i dag kom her storinnrykk, så alt måtte vera i so god stand som råd var.

Seinare var det til å finna ved nok til det som trongst til kaffi koking heile dagen.

Eg og Torgeir P. tok til å laga plass for den store kjelen. Vi murde grua og sette kjelen over slik at alt var klart til det kom folk.

Snart såg vi dei fyrste kom heime ved vatnet, likeins på Hauglandsfjellet og frå Solfjell høyrde vi det ropte.

Mellan desse var også Britta Rød. Ho hadde med ei stor korg med mykje god mat og kvit duk til å ha på bordet. Kvinnfolka tok no over alt arbeidet inne i hytta.

Det kom etterkvart mykje folk, unge og eldre. Strømme og Vaage kom og vart yngst velkomne. Tor Myklebust d.e. var stemneleiar og han bad talarane inn i hytta til duka og dekka bord.

Det tok no til å verta folksamt. Det var folk frå Uskedalen, Husnes, Ølve, Omvikdalen, Matre og Herøysundet. Dei rekna med at det var 200 til 250 menneske på stemna. Den eldste var Torgeir O. Myklebust, 85 år gamal og den yngste Leif N. Haugland 2 år 11 mnd.

3.

Folk samla seg på stemneplassen. Tor Myklebust helsa frå Uskedal Ungdomslag og bygda. Det var særslig velkomehelsing til talarane som vilde ta denne turen til fjells.

Vi som skulde skaffa kaffi fekk det ansamt. Vi hadde nørt opp varme under kjelen. Men no laut fyren opp og vi laut fylla meir vatn i etter som folk kom. Det kom vel med at vi hadde teke med så stor kjel. Torgeir P. stod for fyren og han fekk kaffien ferdig i god tid før matpausen.

Då Strømme var ferdig med talen ,kom folk og fekk den lova kaffien. Vi hadde tenkt mindre på korleis vi skulde få kaffien ut til alle.Vi nytta ei panne med ein kopp til og auste vidare med den. Ein gjekk med panna, andre med fløyteboksen og alt alt gjekk greidt. Folk tok alt med godt humør.

Inne i hytta var det god stemning. Talarane og so mange som hytta kunne røma, var samla der.

Etter matpausen tala Vaage og når ordet vart gjeve fritt , tala Haktorsen og Sanvik med fleire og alle understreka den vellukka stemna. Fleire målbar at dette måtte verta ei årleg stemne som lagt i Kvinnherad fekk til.

Folkn samla seg kring hytta og rødde saman og dei fleste var inne og såg hytta. Men snart tok folk på heimveg og det tynnest med folk. Vi som stod att høyrde snart dei ropte og hoja både på Hauglandsfjellet og på Solfjell.

Nokre av oss vart att og ordna opp slåk det stod i fyresegen til hytta. Men snart tok vi på heimveg over Hauglandsfjellet mot Klepp og vi stogga ved Klippasteinen der vi såg over bygdi medan soli seig i vest og skuggane vart lange og kveldsstilla la seg over bygdi. Vi rusla sakte ned lii og på Hauglandstunet var det stille og her skilst vi ~~xx~~ på same staden som vi møttest dagen før. Vi takka for samværet og tok kvar sine vegar. Eg tok kjelen på ryggen og ryggsekken og tok på heim.

Det var slutten på ei stemne vi vil minnast med gleda.

Mars Feet.